

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/22	Utval for næringsutvikling og drift	05.10.2022
132/22	Alver kommunestyre	20.10.2022

Kostnader til administrasjon av næringsfond
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (M.Johansen-H, Øyvind Bratshaug-H, T. Skurtveit-AP, Liv Hopland van der Kooij-SP) mot 2 røyster (S. Lavik-KRF, Y. Walaker-FRP).

ND- 047/22 Vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå L.Bjørge-SP:

Presisering av innstillinga:

Administrasjonskostnader (ekskludert bemanning) skal dekkast av næringsfondet.

Framlegget vart vedteke med 34 røyster, mot 8 røyster (N.Øvreås-FRP, Y.Walaker-FRP, A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, J.V.Sakseide-KRF, O.Myhr-KRF og S.Lavik-KRF)

KO- 132/22 Vedtak:

Administrasjonskostnader (ekskludert bemanning) skal dekkast av næringsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kva saka gjeld:

- Denne saka skal avklare korleis kommunen skal dekke kostnadar med å administrere og profilere næringsfondet.

Bakgrunn:

Alver kommune har eit næringsfond som skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar. Vedtektene til næringsfondet blei oppdatert 26.11.2020. Det er lagt opp til to hovudtildelingar i året, med frist 1. mai og 1. oktober.

I forkant av desse tildelingane blir utlysingane annonsert i kommunen sine egne kanalar og i lokalavisene. Dei siste åra har kommunen også vore med på å arrangere Nordhordland Awards i samarbeid med Nordhordland næringslag, Industriutvikling Vest og Sparebanken Vest. Føremålet er å presentere bedrifter og prosjekt som har fått støtte frå næringsfondet.

Aktiviteten rundt tildelingsprosessane for næringsfondet og Nordhordland Awards genererer kostnader som ikkje er lagt inn i driftsbudsjettet til sektor samfunnsutvikling. Årleg utgjør dette ca kr 50.000. Arbeidstimar for sakshandsaming og oppfølging er ikkje rekna med i dette.

Vurdering

Det er ikkje lagt inn midlar i driftsbudsjettet til sektor samfunnsutvikling til å administrere og profilere prosessane rundt næringsfondet. I tillegg er det ein kostnad med å arrangere Nordhordland Awards. Dette utgjør ca kr 50.000 årleg. Kommunedirektøren tilrår at kostnader med å administrere næringsfondet blir dekkja av næringsfondet. Rapportering av desse kostnadane skjer i tråd med økonomireglementet.

Vedlegg i saken:

28.09.2022 alver-naringsfond_vedtekter_26-nov-2020

1810198